



Møteprotokoll for Næringsfondsstyret

Møtedato: 05.04.2016
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 12:25 - 13:15

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Utvalseiar	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Linda Neset	SO	Medlem	Ugild sak 04/16
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Frank Stian Steinsland	SO	Varamedlem	Vara for Linda Neset, sak 04/16

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2016	Godkjenning av møtebok
003/2016	Referatsaker
004/2016	Søknad om lån og tilskot til kjøp av hjullastar

Notat frå møtet:

Fondsvedtekter - revisjon

Linda Neset peika på at vedtektene er vanskeleg å forstå og at kanskje andre argument bør vektleggjast enn kva tilfelle er i dag.

Ho etterlyste derfor ein revisjon av vedtektene.

Rådmannen orienterte om praksis i saksbehandlinga, bruk av delegasjon og om at det er etter tidlegare ønskje frå kommunestyret sett i gong arbeid med å revidere vedtektene. Dette vil verte gjennomført saman med evalueringa av stønadsordningane til landbruket.

Rådmannen vil leggje fram eiga sak til politisk handsaming av reviderte vedtekter i 2016.

001/2016: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

002/2016: Godkjenning av møtebok

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

003/2016: Referatsaker

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Referatsaker vert tekne til orientering.

004/2016: Søknad om lån og tilskot til kjøp av hjullastar

Behandling:

Habilitet

Linda Neset er gift med ein av partnerane i Modalen sanddrift. Ho vart erklært ugild i saka, Fvl § 6 . 1. ledd.

Stian Steinsland var innkalla som vara og tok derfor sete under handsaminga av saka.

Drøfting i møtet:

Næringsfondsstyret meiner at søknaden er for lite grunngjeven og opplyst med omsyn til planar for endring/utvikling av drifta, sysselsetting og økonomi (rekneskap og budsjett).

Saka vart derfor vedteken utsett.

Rådmannen vart beden om å innhente utfyllande opplysningar til søknaden før ny handsaming.

Vedtak:
